



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Thon Hotel Jølster, Skei
Møtedato	05.02.2018
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemer til stades: Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Bente Underthun, Anita Aasøy, Magnus Strand

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Orienteringar:

Geir Liavåg Strand frå FFO fortalte om at FFO jobba med følgjande saker:

- Hjelpemiddel skal halde fram som ei statleg teneste
- Ombygging av bilar til personar med nedsett funksjonsevne.
- Pasientreiser – få fleire som har krav på refusjon til å søke
- Fl-senteret som møteplass
- FFO internt

Per Tollefsen frå SAFO orienterte om følgjande:

- Dei viktigaste områda som SAFO arbeider med er menneskerettigheter og diskriminering, levekår, retten til opplæring i felleskapsskulen, utdanning og arbeid, universell utforming av utemiljø og bygg, og likeverdige helsetenester
- Arbeider for å påverke samfunnet gjennom; innspel i politiske prosessar og planar, representasjon i ulike råd og utval, samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og miljø

Følgjande skriv vart lagt fram til orientering:

Meldesak 1) Plan som omhandlar tenester og opplæring for barn og unge med nedsett funksjonsevne i Gloppen kommune

Bente informerer fylkesrådet om planen i Gloppen kommune.

Fylkesrådet har tidlegare gjeve ei uttale til planen som omhandlar tenester og opplæring for barn og unge med nedsett funksjonsevne i Gloppen kommune.

Meldesak 2) Samhandlingskonferansen 14. 15. mars 2018

Samhandlingskonferansen har det overordna temaet «Samhandling i vekslingsfelta – heilskaplege og koordinerte helsetenester». Konferansen har som mål å bidra til god kultur for samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, gje kunnskap gjennom gode innlegg og drøftingar, synleggjere døme på innovative satsingar, god praksis og teknologiske moglegheiter. Meir informasjon om samhandlingskonferansen finn de her: [Samhandlingskonferansen 2018 i Sogn og Fjordane](#)

Konklusjon: Anita representerer fylkesrådet på samhandlingskonferansen, og sender påmelding.

Meldesak 3) Kulturfestival for utviklingshemma 25. – 27. mai 2018 i Førde

Kulturfestivalen i Sogn og Fjordane er ein unik og inkluderande kulturfestival for alle som likar musikk og moro. Festivalen i Førde vert arrangert for 30. gang. Sjå vedlegg for meir informasjon om festivalen.

Konklusjon: Erlend representerer fylkesrådet på kulturfestivalen.

Meldesak 4) Ymse

- SOR-konferansen «Noe å stå opp til» er 3. – 4. mai 2018 i Bergen. Odd Atle og Bente melder seg på SOR-konferansen i Bergen.
- Høyringsuttale - strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane .
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok følgjande uttale i møte:
 - *I avsnittet om retningslinjer for arealbruk meiner fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonseven at det kunne vore skrive meir i strategien som omfattar universell utforming i tettstader. Godt tilrettelagte tettstader må vere universelt utforma, slik at alle enkelt kan ta del i samfunnet.*
- Neste møte som er 18. april, vert på Leikanger. Møte startar kl. 10.30. Leiarane i dei kommunale råda i Balestrand, Leikanger og Sogndal vert invitert til dette møte, for å ha erfaringsutveksling.

SAK 1/18

Årsmelding for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 2017

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

1. Årsmelding 2017 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 5. februar 2018
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Årsmelding 2017 vert godkjent
 2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 5. februar 2018
 3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
 4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne
-

SAK 2/18

Høyring - Forslag til endringar i kreftregisterforskrifta

Høyringssvaret vart skrive i møte 5. februar 2018

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslaget om endringa i kreftregisterforskrifta.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslaget om endringa i kreftregisterforskrifta.

SAK 3/18 Justering av arbeidsplanen for perioden 2016 - 2019 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Arbeidsplanen for perioden 2016 – 2019 vert justert av fylkesrådet i møte 5. februar 2018.

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sender førespurnad til samferdsleutvalet om å få kome å orientere om arbeidet som fylkesrådet gjer. Fylkesrådet har ønske om å få til ein dialog mellom fylkesrådet og utvalet for å bli involvert tidleg i prosessane slik at fylkesrådet har moglegheit for påverknad.

Avrøyting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sender førespurnad til samferdsleutvalet om å få kome å orientere om arbeidet som fylkesrådet gjer. Fylkesrådet har ønske om å få til ein dialog mellom fylkesrådet og utvalet for å bli involvert tidleg i prosessane slik at fylkesrådet har moglegheit for påverknad.

SAK 4/18 Skriv og melding - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 5. februar 2018

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

Avrøyting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak
-